

Stølstrimmen i Norane 2009.

Merke

<p>1. Klanten. Utsiktspunkt på Nornes. Lett tur frå Nornes. Parkering ved Nortun. Gå gjerne vidare til Breiesete, Orrensete og Skriki.</p>		<p>Norane idrettslag ynskjer velkomen til nye og gamle turmål. Vi har bøker på 11 postar. Bruk gjerne turkartet for Sogndal – Leikanger for å finne fram. Dette er det 10. året stølstrimmen vert arrangert. Det vert ekstrapremiering for å ha fullført stølstrimmen i alle 10 åra. Har du gjort dette, merk det på arket ditt.</p>
<p>2. Breiesete. Lett/middels tung tur frå Nornes eller Ølmheim. Parkering ved Nortun eller på Ølmheim. Heimastølen til Nornes.</p>		<p>Slik som i fjor ligg det merketenger på postane. Desse kan du bruke til å merke dette arket/kartet ditt med. Ynskjer du premiering, må dette merka arket leverast til ein av medlemene i trimgruppa. Hugs å skrive namnet ditt på kartet (og sjølvsagt i boka på trimposten). Er de fleire som går saman, kan de skrive alle namna på arket.</p>
<p>3. Skriki (Veten). Fjell 1227 moh. Kombiner gjerne med fellestur den 16. august i samband med trimbingo til Skriksvatnet. Parkering på Raunehaug. Gå alternativt via Nornes, Klanten og Breiesete og Orrensete.</p>		<p>Postane vert sett ut til 1. juni. Dei vert henta innatt den 15. oktober. Dei som fullfører 10 postar får premie. Av desse er det ein hovudpremie. Born under 12 år kan ta del i ”minitrimmen” ved å fullføre 5 postar. Hugs å skrive alder i boka og på ev merka ark/kart.</p>
<p>4. Orrensete. Middels tung tur til den gamle fjellstølen til Ølmheim. Start på Nornes eller Ølmheim.</p>		<p>Første fellestur i år vert den 21. juni. Turen går til Venesstølen. Frammøte ved Fimreitevegen kl. 10.30.</p>
<p>5. Svartavatnet. Vatn. Lett tur frå Raunehaug. P. Raunehaug eller Smiereset.</p>		<p>Trimbingo til Skriksvatnet vert den 16. august. Start på Raunehaug kl. 10. Presten, Egon Askvik, held kort andakt ved Skriksvatnet.</p>
<p>6. Skriksvatnet. Fin tur frå Raunehaug eller Nornes/Ølmheim/Slinde. Kassen står ved ein stor stein på austsida av vatnet.</p>		<p>Vi minner om at turane går i beiteområde. Pass på å stenge grinder og hald ev hund i band.</p>
<p>7. Sumhaug. Middels tung tur med start på Raunehaug eller parkeringsplass på Smiereset.</p>		<p>God tur frå trimgruppa</p>
<p>8. Gautastølen. Lett tur med start på Raunehaug. Fjellstøl til nokre gardar i Øvstedalen. Gå gjerne vidare til Sumhaug.</p>		<p><i>Gunn Kirsten Fondenes Gunn Kjersti Bårgard Kjell Tore Øyre Gunnstein Harald Bergkvam</i></p>
<p>9. Lindborgstølen. Lett tur med start frå Fimreitevegen. Gå opp skogsvegen, ev frå Lindborg. P. ved Fimreitevegen. Gå gjerne vidare til Venesstølen.</p>		
<p>10. Venesstølen. Middels tung tur. Parker ved Fimreitevegen.</p>		
<p>11. Slakkafjellet /Slakkavarden Fjell 855 moh. Middels tung tur med start på Raunehaug.</p>		

Namn og alder:

.....

.....